



BYGLAND KOMMUNE
Sentrum 18
4745 BYGLAND

Dato: 08.09.2022
Vår ref: 22/09450-16
Dykkar ref:
Saksbeh.: Ingunn Dahlseng Håkonsen

Bygland kommune – Endeleg fråsegn med motsegn til plan for Ose bygdesenter-Dispensasjon fra kulturminneloven, jf. kml § 8 fjerde ledd

Visar til oversending dagset 8.4.2022. Saka gjeld «Plan for Ose bygdesenter- 2 gongs offentleg høyring».

Fylkesutvalget har behandla saka i møte 6.9.2022 sak 106/22 og vedteke:

- 1) *Fylkesutvalet har vurdert at delar av planforslaget ikkje har tatt omsyn til nasjonalt og regionalt viktige kulturminner frå jernalderen. Fylkesutvalet føreslår motsegn til følgande forhold:*
 - a) *Tiltaka ved gravhaugen (ID 261042) og kokegropfeltet (ID 261070)*
 - b) *Kolgrop (ID 261040) kan ikkje frigjevast.*
 - c) *Omsynsområde til gravrøys (ID 261058) er for lite*
- 2) *Motsegna kan løysast dersom Bygland kommune endrar planen på følgjande måte:*
 - a) *Utarbeide detaljert omtale om korleis riksvegen skal vides ut mot gravhaug (ID 261042) og korleis kulturminnet skal tas vare på. Detaljert tekniske illustrasjon blir framlagd kulturminneforvaltninga.*
 - b) *Etablere omsynssone kulturmiljø (H570) på sørsida av gravhaugen (ID 261058) ned til foten av bergryggen*
 - c) *Kolgroppa (ID 261040) blir lagd inn i plankartet med omsynssone H730.*
 - d) *Omsynssone (H730) til gravminne (ID 261058) må utvidast til å omfatta høgdedraget som røysa ligg på.*

Endringane gjennomførast i samråd med fagpersonane frå fylkeskommunen.

Saksprotokoll og saksframstilling følgjer vedlagt.

Dispensasjon frå kulturminnelova, jf. 8 fjerde ledd, er behandla administrativt og er lagt ved.

Med helsing

Ingunn Dahlseng Håkonsen
Rådgiver
Plan

Brevet er godkjend elektronisk.

Kopi til: STATSFORVALTEREN I AGDER

Freda arkeologiske kulturminne

Konflikt med Kulturminne-ID: 41839, 261071, 261069, 261070, 111558, 111571, 111572, 111573, 111574, 111575, 261029, 261030, 261031, 261033, 261035, 261036, 261037, 261038, 261043, 261044, 261045, 261046, 261048, 261049, 261050, 261052, 261053, 261054, 261055, 261040, 76594, 261042 og 261058

Det blir gitt dispensasjon for 25 av 26 kolgropene i planen med vilkår om arkeologisk undersøking. Undersøkinga skal gjennomførast før anleggsstart.

Lovheimel og mynde

I samsvar med kulturminnelova § 8 fjerde ledd skal det, i samband med behandlinga av reguleringsplanen, blir tatt stilling til om det kan givast løyve til inngrep i automatisk freda kulturminne som blir rørte av planen. Fylkeskommunen er rette mynde til å fatta avgjerd i slike saker, jf. forskrift om fastsetjing av mynde mv. etter kulturminnelova § 3 andre ledd.

Om kulturminna

Aust-Agder fylkeskommune gjorde arkeologiske registreringar av planområdet i 2019. Registreringa omfatta meir eller mindre det arealet som no blir foreslått regulert.

Innanfor forslaget til reguleringsplan er det registrert følgjande;

26 kolgroper (ID 111558, 111571, 111572, 111573, 111574, 111575, 261029, 261030, 261031, 261033, 261035, 261036, 261037, 261038, 261043, 261044, 261045, 261046, 261048, 261049, 261050, 261052, 261053, 261054, 261055 og 261040), eitt kokegropfelt (ID 261070), eitt gravfelt (ID 76594), to enkeltliggande gravrøyser (ID 261042 og 261058), og to enkeltliggande strukturar tolka som kokegroper (ID 261069 og 261071).

Det er kjent at Ose bygdesenter har vore geografisk viktig stad i øvre del av Åraksfjorden. Gravminna og kokegropfeltane vitne om aktivitet frå jernalderen og er datert til folkevandringstid (400-536 e.Kr.) og merovingartid (536 – 792 e.Kr.). I dette tidsrommet meiner vi at Ose har vore ein strategisk viktig stad for å ha oppsyn med innseglinga opp og ned Åraksfjorden. Kolgropene i området tyder òg på ein produksjon av trekol enten til oppvarming eller til arbeid med jern. Kolgroper er meir vanlege i den øvre dalen av Setesdalen og ei samling av dei i den nedre delen av dalen tilhøyrar sjeldanheita.

Omtale av arealbruken og konflikten med kulturminne i planen

Formålet med planen er å leggja til rette for ny Ose bru, kommunalt reinseanlegg, god trafikal avvikling, også for mjuka trafikantar og for nærings - og kulturinteresser. Planen legg òg opp for 41 nye bueiningar med tilhøyrande parkeringsplassar. Forslaget er i konflikt med automatisk freda kulturminne og det blir derfor søkt om dispensasjon for registrerte automatisk freda kulturminne.

Saksnr. 22/09450 Plan for Ose bygdesenter, Bygland kommune.

Unntaket er gravfeltet (ID 76594) og dei to frittstående gravrøysene (ID 261042 og 261058) er foreslått bevart gjennom omsynssone H730 (bandlagt etter kulturminnelova).

Kulturhistorisk museums merknader

Kulturhistorisk museum har uttalt det faglege rådet sitt i saka i eit brev datert 30. juni 2022 og uttaler følgjande(vår oversetning);

Gravminne og kokegroper

Eit nasjonalt mål i kulturminneforvaltninga er å avgrensa det årlege tapet av kulturminne og kulturmiljø. Kulturhistorisk museum har derfor generelt ei restriktiv haldning til tiltak som kan verka negativt inn på bevaring av gravminne og deira tilhøyrande landskapsrom, her under installasjonar og bygg som kan oppfattast som skjemmande. I denne saka er rolla til museet å avgje ein arkeologifagleg fundert tilråding, som m.a. inneber at eit reelt og langsiktig vern av fornminne skal ligga til grunn.

Vidare er det slik at gravminne ofte var bevisste markørar som vart anlagt på utvalde stader i det forhistoriske landskapet. Forståinga av dette i dagens samfunn er nært knytt til den topografiske samanhengen gravminna har liggar i. Ut frå eit arkeologifagleg synspunkt er det derfor ønskeleg å bevare terrenget gravminna ligg i, slik at den kulturhistoriske landskapskonteksten dei er ein del av òg blir bevarte. Det har ein pedagogisk verdi, samtidig som det bidrar til å høyne opplevingsverdien.

Gravfeltet ID 76594 ligg innanfor større areal avsett som område til landbruks-, natur- og friluftsmål (LNF), og markert på plankartet med H730-2. Åraksvegen går i dag på austsida av gravfeltet. Denne vegen blir beholden i planforslaget. Ved behov for ei eventuell breiddeutviding føreset vi at utvidinga skjer mot vest, slik at ein unngår inngrep i sikringssona til gravfeltet.

Gravrøys ID 261058 ligg nær pynten av ein bergrygg på nordsida av Åraksvegen. Også denne ligg i eit LNF-område og med omsynssone (H730-4). Ei breiddeutviding av vegen i retning av røysa kan skjera seg inn i bergryggen, og forandra landskapsrommet rundt røysa. For å unngå dette må ei eventuell breiddeutviding av vegen skje mot sør. Vi anbefaler at fylkeskommunen vurderer å utvida omsynssona til dette gravminnet sørover, slik at også den sørlege avslutninga av åsryggen blir sikra eit godt og varig vern.

Gravrøys ID 261042 ligg på ei høgde med utsyn ved utløpet av Otra i Åraksfjorden. Avstanden mellom Setesdalsvegen (rv. 9) og sikringssona til gravminnet er i dag, ca. 12 m. I plankartet er røysa teikna inn i kanten av eit LNF-område. Berre gravminnet og sikringssona blir omfatta av ei omsynssone (H730-3), på trass av at røysa blir knytt til kokegropslokaliteten ID 261070 i registreringsrapporten.



Figur 1. Dagens situasjon med gravfeltet (ID 261042) og kokegropslokaliteten (ID 261070).

I planforslaget blir det lagt opp til ei breiddeutviding av rv. 9 ved gravminnet, slik at vegskjeringa vil gå heilt inn til sikringssona. Dette vil bidra til å endra landskapsrommet røysa ligg i. KHM anbefaler derfor ei løysing der skjeringa blir lenger trekt vekk frå foten av røysa, t.d. ved at breiddeutvidinga skjer mot aust eller at vegskjeringa blir gjord steilare. Vi anbefaler òg at omsynssona blir utvida, slik at ho både omfattar gravrøysa ID 261042 og det tilgrensande kokegropfeltet.

Vidare vil vi minna om viktigheita av at desse kulturminna blir sikra under anleggsarbeidet.

Dei enkeltliggande strukturane tolka som kokegropar (ID 261069 og 261071) blir føreslått dispensert i planforslaget. Kulturminnetypen er talrik og KHM har ingen innvendingar til forslaget om å frigi desse kulturminna gjennom planen. Vidare gjeld C14-dateringer av begge strukturane, og vi meiner at ei utgraving mest truleg ikkje vil bidra med ytterlegare kunnskap av vesentleg verdi. Vi anbefaler derfor at desse dispensasjonane blir gitte utan ytterlegare vilkår.

Kolgroper – om dispensasjonsspørsmålet

Saksnr. 22/09450 Plan for Ose bygdesenter, Bygland kommune.

Innanfor områdeplanforslaget er det registrert 26 kolgroper. Ein av gropene (ID 261040) vil bli liggande innanfor større areal avsett som LNF-område, vist på plankartet med #29. Arealformålet LNF kan vera foreinleg med eit godt og varig vern av gropen. Vi anbefaler derfor at planforslaget blir endra, slik at ID 261040 med tilhøyrande avgjerder blir bevarte innanfor ei omsynssone (H730) og at reguleringsavgjerdene blir i samsvar med oppdaterte dette.

Det er kjent få kolgroper i nærområdet til Ose og generelt blir det antatt at kolgroper er langt meir sjeldne i dei midtre og nedre delane av Setesdal enn i områda lengre nord. At mange gropar vart nyregistrert innanfor planområdet i 2019 gjer det likevel rimeleg å anta at det ligg ein del kolgroper i områda som grensar opp mot plangrensene. Bestanden av kolgroper er likevel ikkje uuttømmeleg, og museet ser det som viktig å bevare intakte kolgroper. Planen vil til ei viss grad kunna sikra dette, gjennom eit vern av ID 261040. Ut frå ei heilskapsvurdering finn vi det derfor forsvarleg å anbefala ein dispensasjon for resten av 25 kullgropene.

Kolgroper – om vilkår

Groper til forkulling av trevirke blir i bruk tatt i yngre jernalder (ca. 800 e.Kr.), samtidig med ei gjennomgripande teknologisk endring i jernproduksjonen. Før dette vart jernproduksjonsomnane fyrte direkte med ved. Truleg var det slik at hovuddelen av jernproduksjonen i vikingtid i mellomalder føregjekk i dei høgareliggande strøka. Dersom dette stemmer, er det mest sannsynleg at kullet frå gropene på Ose ikkje vore knytt til produksjon av jern, men heller til ei vidare arbeid av «fjelljernet» gjennom smiing. Dette kan i så fall forklara at det ikkje er funne spor etter jernproduksjon innanfor planområdet.

Det er likevel eit problem at det så langt har vorte undersøkt svært få kolgroper og jernvinneanlegg i dei midtre og nedre delane av Setesdal, noko som inneber at denne regionale forskyvingsprosessen er dårleg forstått. Mellom anna er det uklart i kvar stor grad jernproduksjon vart vidareført i dei områda som ligg lavar. Vidare veit vi lite om endringa i produksjonstygdepunktet umedelbart resulterte i ein regional «oppgåvedeling», med jernproduksjon i høgareliggande strøk og vidareforedling av jernet i dei sentrale dalføra. Det er òg uklart i kva grad smiekull vart produserte i gropar gjennom heile vikingtid og mellomalder, eller om det berre forgjekk innanfor eit meir avgrensa tidsavsnitt. Ei utgraving av kullgropene på Ose kan bidra til å belysa desse spørsmåla. På bakgrunn av desse forholda anbefaler følgjeleg KHM at det blir stilt vilkår om arkeologisk undersøking for dei 24 kolgropene det er ynsk dispensasjon for.

Kulturhistorisk museums oppmodingar

Saken er behandla ved Arkeologisk seksjon ved Kulturhistorisk museum. Kulturhistorisk museum anbefalar Agder fylkeskommune å sørga for at nødvendige breiddeutvidingar knytt til Åraksvegen og Setesdalsvegen (rv. 9) skjer på ein slik måte at avstanden mellom vegar og gravfeltet ID 76594, ID 261042 og 261058 i størst mogleg grad blir halde oppe. Vidare anbefalar vi at omsynssona knytt til ID

Saksnr. 22/09450 Plan for Ose bygdesenter, Bygland kommune.

261042 blir utvida til også å omfatta kokegropslokalitet ID 261070. Av dette blir òg føljt at vi tilrår at planforslaget blir endra, slik at kokegropslokalitet ID 261070 blir verna gjennom planen.

Kulturhistorisk museum anbefalar òg ei endring i planforslaget som inneber at kolgrop ID 261040 blir bevart og blir lagt innanfor omsynssone H730 .

Kulturhistorisk museum anbefalar vidare Agder fylkeskommune å gi dispensasjon frå lov om kulturminne av 9. juni 1978, § 8 fjerde ledd, for 25 lokalitetar med kullgroper (ID 111558, 111571, 111572, 111573, 111574, 111575, 261029, 261030, 261031, 261033, 261035, 261036, 261037, 261038, 261043, 261044, 261045, 261046, 261048, 261049, 261050, 261052, 261053, 261054 og 261055) og to enkeltliggande kokegroper (ID 261069 og 261071).

Agder fylkeskommune blir anbefalt å dispensera kokegropslokalitetane ID 261069 og 261071 utan vilkår.

Fylkeskommunen blir òg anbefalt å stilla vilkår om arkeologisk undersøking av dei 25 kullgropene (ID 111558, 111571, 111572, 111573, 111574, 111575, 261029, 261030, 261031, 261033, 261035, 261036, 261037, 261038, 261043, 261044, 261045, 261046, 261048, 261049, 261050, 261052, 261053, 261054 og 261055).

Ved fastsetjing av omfang og kostnader anbefalar Kulturhistorisk museum følgjande vilkår:

Tiltakshavar kostar på ei arkeologisk utgraving, jf. vedlagde budsjett på kr. 425 000,- (2022-kr).

Merknader og vurdering frå Agder fylkeskommune

Kulturminneforvaltninga skal verna om kulturminne som ikkje-fornybare ressursar, og arbeida for at kulturminneverdiane blir tatt hand om på best mogleg måte og nyttiggjort i eit samfunn i endring. Løyve til inngrep i automatisk freda kulturminne kan bli gitt etter ei vurdering av dei kulturminnefagleg verdiane vege opp mot private omsyn, og omsyn til samfunnet.

Kulturhistorisk museums tilråding har vege tungt i Agder fylkeskommunes (AFK) vurdering i kva vilkår som blir stilte til planen.

Tabellen under viser informasjon om og vurderingar av kulturminna.

Kulturminne-type	Askeladden ID	Nr. i plan	Planforslag	KHMs anbefaling	AFKs vilkår
Kokegrop og lausfunn av øks	41839, 261071	#1	Foreslått disp.	Anbefalast disp. utan vilkår	Innvilgast disp. utan vilkår
Kokegrop	261069	#2	Foreslått disp.	Anbefalast disp. utan vilkår	Innvilgast disp. utan vilkår
Kokegropsfelt	261070	#3	Foreslått disp.	Anbefalast bevart og innlemmast i omsynssone H730-3	Slås saman til en lokalitet med ID 261042 og omsynssonen utvidast mot Rv9.
Kolgrop	111558, 111571, 111572, 111573, 111574, 111575, 261029, 261030, 261031, 261033, 261035, 261036, 261037, 261038, 261043, 261044, 261045,	#4–28	Foreslått disp.	Anbefalast disp. med vilkår om arkeologisk undersøking	Innvilgast disp. med vilkår om arkeologisk undersøking

Saknr. 22/09450 Plan for Ose bygdesenter, Bygland kommune.

	261046, 261048, 261049, 261050, 261052, 261053, 261054, 261055				
Kolgrop	261040	#29	Ligger i LNF-område. Foreslått disp.	Bør bevarast innanfor omsynssone (H730)	Leggast inn i planen med eksisterande omsynssone (H730)
Gravfelt	76594	H730-2	Foreslått bevart	Ev. justere planen slik at gravminne sikrast et betre vern	Omsynssona (H730) til lokaliteten blir noko justert.
Gravhaug	261042	H730-3	Foreslått bevart	Justere planen slik at gravminna sikrast eit betre vern	Lokaliteten slås saman med ID 261070 og omsynssonen utvidast mot Rv 9.
Gravrøys	261058	H730-4	Foreslått bevart	Justere planen slik at gravminna sikrast eit betre vern	Sikringsone (H570) rundt gravminnet etablerast ned til foten av bakken den liggje på toppen av.

Planen er i konflikt med 32 arkeologiske kulturminne som er automatisk freda.

DispensasjonarUtan vilkår

Det blir gitt løyve til å fjerna to kokegropar (ID 261069 og 261071) og ein funnstad av øks (ID 41839), utan vidare vilkår.

Med vilkår

Saknr. 22/09450 Plan for Ose bygdesenter, Bygland kommune.

Det blir gitt løyve til å fjerna 25 kullgroper på gnr/bnr 13/5 og 14/5, med vilkår om gjennomføring av ei arkeologisk undersøking før oppstart av tiltaket. Kulturminna er gåande nummeret på plankartet (frå 4 til 28).

Vedtak om omfang av den arkeologiske granskinga, her under endelege kostnader og avgrensing av undersøkingsområdet, kan først skje etter at reguleringsplanen er endeleg vedtatt.

Tiltakshavar må varsla Agder fylkeskommune i god tid før tiltak etter reguleringsplanen blir ønskt realisert. Riksantikvaren vil deretter fatta vedtak om omfanget av den arkeologiske granskinga. Dette vedtaket kan klagast på i medhald av forvaltningslova §§ 28 og 29.

Ifølgje Kulturhistorisk museums forslag til budsjett er ein utgraving av dei aktuelle kulturminna – 25 kullgroper med oskeladden ID 111558, 111571, 111572, 111573, 111574, 111575, 261029, 261030, 261031, 261033, 261035, 261036, 261037, 261038, 261043, 261044, 261045, 261046, 261048, 261049, 261050, 261052, 261053, 261054, 261055. Det er utarbeidd forslag til prosjektplan og budsjett for undersøkingane på kr 425 000,- (2022-kr og satsar).

Kostnadsoverslaget omfattar ikkje utgifter knytt til rydding av skog og hogstavfall eller tilbakeføring av avdekte jordmassar. Vidare blir lagt til grunn at tiltakshavar sørger for risikovurdering av undersøkingsområda og skaffar tiltrede til rørte eigedommar.

Tiltrede kan omfatta opparbeiding av areal for parkering og brakkar. Det blir føresett at tiltakshavar tar hand om og kostar på tenestene etter nærare avtale med Kulturhistorisk museum.

Vi gjer oppmerksom på at vedlagt kostnadsoverslag er førebels. Det blir føresett at vi får saka til ny behandling for fastsettast av omfang og kostnader knytt til arkeologisk undersøking jf. kulturminnelova § 10 når reguleringsplanen er endeleg vedtatt og utgraving blir ønskt utført.

Andre planfaglege endringar - automatisk freda kulturminne

Omsynssoner på plankartet

Omsynssonen til gravfeltet vest for Austadveien (ID 76594) blir vurdert å skrumpast inn langs vegen, slik at han går i kant med matrikelgrensa til gnr/bnr 601/324. Dette for å gjera det lettare å gjennomføra vegtekniske utbetringar på den eksisterande vegen, utan å måtta søka dispensasjon for tiltak i sikringssona. Lokaliteten er her avgrensa i felt mot dreneringsgrøfta som går langs vestsida av vegen. Potensialet for å finna kulturminne under bakken innfor lokaliteten blir vurdert som høg. Eventuelle framtidige utvidingar av vegen må planleggast imot austsida av vegen.

Utgifter til arkeologisk gransking

Granskinga blir kosta på av tiltakshavar jf. kulturminnelova § 10.

Vilkår for dispensasjon

Dispensasjon frå den automatiske fredinga gjennom planvedtaket føreset at ovannemnde tekst og andre merknader blir innarbeidde i reguleringsavgjerdene,

Saksnr. 22/09450 Plan for Ose bygdesenter, Bygland kommune.

plankartet blir oppdatert med avgjerdsområde, omsynssoner og planskildringa blir oppdatert med tilsvarande. Dersom kommunen gir melding om at ovannemnde tekst og merknader **ikkje** vil bli innarbeidd i reguleringsavgjerdene, og fylkeskommunen ikkje reiser innvending mot planen, må fylkeskommunen umedelbart varsle Riksantikvaren om dette. Riksantikvaren vil i så fall normalt reisa innvending mot planen.

Tidlegare dialog med tiltakshavar i planarbeidet

Vi har hatt møte med kommunen 2. desember 2021 og 17. februar 2022.

Innvendinga knytt til kullgrop ID 261040 og gravminne ID 261058 er knytte til reguleringsformål (LNF) og er ikkje i konflikt med utbyggingsinteressene. Når det gjeld avgrensinga av omsynssona til gravfelt ID 261042 kokegropsfeltet ID 261070, er dette i direkte konflikt med kryssløysing for Rv 9. På møte med kommunen bad vi om å få tekniske teikningar på korleis krysset skal byggast. Dette har vi ikkje mottatt – og vi har derfor per i dag ikkje informasjon om kva slags tiltak som blir planlagde inntil gravminnet. På møtet med kommunen, sa vi at ei løysing med ei skrånande naturbakke frå gravminnet og ned mot kryssa i aust, kan vera akseptabelt, men at det ikkje kan byggja t.d. ein 7 meter loddrett mur inntil sikringssona til gravminnet for å få plass til kryssa på nedsida.



SÆRUTSKRIFT

Arkivsak-dok. 22/09450-12

Saksbehandler Ingunn Dahlseng Håkonsen

Bygland kommune - 2.gongs høring av plan for Ose bygdesenter

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Fylkesutvalget	06.09.2022	106/22

Fylkesutvalget har behandlet saken i møte 06.09.2022 sak 106/22

Møtebehandling

Saksbehandler Ingunn Dahlseng Håkonsen orienterte under behandling av saken. Seksjonsleder for arkeologi Snorre Haukalid orienterte også under behandling av saken

Det var 10 stemmeberettigede under behandling av saken.

Representanten Andreas Arff (FrP) fremmet følgende forslag:

Innsigelser strykes.

Fylkesutvalget oppfordrer kommune og Agder fylkeskommune å ha en god dialog under planfasen.

Votering

Fylkeskommunedirektørens forslag til vedtak i punkt 1 og 2 fikk 9 mot 1 stemme og ble vedtatt.

Det ble ikke votert over FrP sitt forslag.

Fylkesutvalget - vedtak

- 1) Fylkesutvalet har vurdert at delar av planforslaget ikkje har tatt omsyn til nasjonalt og regionalt viktige kulturminner frå jernalderen. Fylkesutvalet føreslår motsegn til følgande forhold:
 - a) Tiltaka ved gravhaugen (ID 261042) og kokegropfeltet (ID 261070)
 - b) Kolgrop (ID 261040) kan ikkje frigjevast.
 - c) Omsynsområde til gravrøys (ID 261058) er for lite
- 2) Motsegna kan løysast dersom Bygland kommune endrar planen på følgjande måte:

- a) Utarbeide detaljert omtale om korleis riksvegen skal vides ut mot gravhaug (ID 261042) og korleis kulturminnet skal tas vare på. Detaljert tekniske illustrasjon blir framlagd kulturminneforvaltninga.
 - b) Etablere omsynssone kulturmiljø (H570) på sørsida av gravhaugen (ID 261058) ned til foten av bergryggen
 - c) Kolgropa (ID 261040) blir lagd inn i plankartet med omsynssone H730.
 - d) Omsynssone (H730) til gravminne (ID 261058) må utvidast til å omfatta høgdedraget som røysa ligg på.
- Endringane gjennomførast i samråd med fagpersonane frå fylkeskommunen.
-

Bygland kommune - 2.gongs høyring av plan for Ose bygdesenter

Fylkeskommunedirektøren sitt forslag til vedtak

- 1) Fylkesutvalet har vurdert at delar av planforslaget ikkje har tatt omsyn til nasjonalt og regionalt viktige kulturminner frå jernalderen. Fylkesutvalet føreslår motsegn til følgende forhold:
 - a) Tiltaka ved gravhaugen (ID 261042) og kokegropfeltet (ID 261070)
 - b) Kolgrop (ID 261040) kan ikkje frigjevast.
 - c) Omsynsområde til gravrøys (ID 261058) er for lite

- 2) Motsegna kan løysast dersom Bygland kommune endrar planen på følgjande måte:
 - a) Utarbeide detaljert omtale om korleis riksvegen skal vides ut mot gravhaug (ID 261042) og korleis kulturminnet skal tas vare på. Detaljert tekniske illustrasjon blir framlagd kulturminneforvaltninga.
 - b) Etablere omsynssone kulturmiljø (H570) på sørsida av gravhaugen (ID 261058) ned til foten av bergryggen
 - c) Kolgropa (ID 261040) blir lagd inn i plankartet med omsynssone H730.
 - d) Omsynssone (H730) til gravminne (ID 261058) må utvidast til å omfatta høgdedraget som røysa ligg på.Endringane gjennomførast i samråd med fagpersonane frå fylkeskommunen.

Vedlegg

Bygland kommune - Fråsegn til 2. gongs offentleg ettersyn - områderegulering for Ose bygdesenter

Planføresegner 070422

Planomtale 070422

Arealplankart A0 2000 070422

Spørsmål om dispensasjon - Freda arkeologiske kulturminne - Plan for Ose bygdesenter

Samandrag

Plan for Ose bygdesenter inneheld fleire automatisk freda kulturminner. Fylkeskommunedirektøren har eit særskilt ansvar for å ta vare på vår felles kulturarv i Setesdal.

Fylkeskommunedirektøren meiner at to kulturminner i planen har nasjonal interesse og at desse må bli ivaretatt i planen. På bakgrunn av dette tilrår fylkeskommunedirektøren at fylkesutvalet reiser motsegn til planforslaget.

Saksopplysningar

Bygland kommune har lagt plan for Ose bygdesenter ut på andre gongs høyring. Agder fylkeskommune har fått utsett frist i saka av omsyn til kulturminna slik at saka kan behandlast i fylkesutvalet 6.september. Ny frist er difor 9.september 2022.

Om planen

Planen skal leggja til rette for etablera ei ny bru over fjorden, eit nytt kommunalt reinseanlegg og for nærings- og kulturinteresser. I tillegg skal planen gi god trafikal avvikling, spesielt for mjuke trafikantar. Ose sentrum har og omsynssone bevaring kulturmiljø.

Planen har vore på første gongs høyringa februar- mars 2019, og i ettertid har det vore fleire behandlingar i planutvalet til kommunen.


Planforslaget om automatisk freda kulturminne

I planområdet ligg fleire automatisk freda kulturminne, blant anna gravminna, kolgroper og kokegroper. Dei vitnar om aktivitet i jernalderen (ca. 400 – 792 e.Kr). Kolgropene tyder òg på ein produksjon av trekol anten til oppvarming eller til arbeid med jern. Kolgroper er meir vanlege i den øvre Setesdalen (eksempel Hovden) og ei samling av dei i den nedre delen av dalen er sjeldan å finne.

Eit gravfelt og to gravrøyser er ynskt bevart og er markert med omsynssone H730 (bandlagt etter kulturminnelova) i planforslaget.

Fleir av kulturminna er i konflikt med planforslaget og utløyser dispensasjon frå kulturminnelova § 8 fjerde ledd. Forslaget planleggjar òg tiltak tett mot ein gravhaug som er ønska bevart, jf. markert nr. 1 på figur 1. Tiltaket gjeng ut på å vide ut vegen på Rv. 9, og krevjar fjerning av terreng/berg.

Bygland kommune og Agder fylkeskommune ved arkeologiseksjon hadde møte 2.desember 2021 og 17.februar 2022 om dei automatisk freda kulturminna.



Figur 1 Utsnitt av plankartet. Markert område 1 viser gravhaugen tett mot utvidinga av riksvegen. Område 2 viser plassering av gravrøyser og kolgrop. Oransje område i øst ligger mange kolgrop.

Mellombels fråsegn frå Agder fylkeskommune

Fylkeskommunen har gitt ein mellombels fråsegn med innspel på klima- og miljø, konsekvensutreiing og samferdsel i saka. Ho ligg vedlagt dagsett 4.7.2022 (*Bygland kommune - Fråsegn til 2. gongs offentleg ettersyn - områderegulering for Ose bygdesenter*).

Vurderingar

Fylkeskommunedirektøren har hatt god dialog med Bygland kommune sidan planarbeidet starta opp i 2017. Dialogen har løyst en del utfordringar med bygnings- og kulturmiljøet i sjølve hjartet av Ose. Kulturminneforvaltninga er sett til å ivareta kulturminne som ein ikkje-fornybar ressurs, og arbeide for at kulturminneverdiane blir tatt hand om på best mogleg måte og nyttiggjort i eit samfunn i endring.


Det er kjent at Ose bygdesenter, i øvre del av Åraksfjorden, har vore strategisk viktig på grunn av oppsynet med innseglinga opp og ned fjorden. I tillegg blei gravminna plassert høgt og på eit opent område, med utsikt mot ferdselsvegen til vanns og lands. Det er viktig å ta vare på dette landskapet slik at ikkje utilsikta endringar vil medføre skadar på våre nasjonale skattar. Planforslaget på høyring vil ha ein betydeleg innverknad på mange kulturminner og landskapet dei ligg i.

Fylkeskommunedirektøren har følgjande spesifikke merknader knytte til to områder, jf. markert på kartutsnitt figur 1.

Område 1 Gravhaugen og kokegropområde

Fylkeskommunedirektøren er bekymra for gravhaugen som ligg på høgda ved rv.9. I planforslaget er det lagt inn anleggsarbeid tett inn mot sikringssona til gravhaugen

(ID 261042) som skal tas vare på, jf. figur 2. Det er ikkje omtala korleis kommunen skal breie ut vegen, verken gjennom tekst eller illustrasjonar. Det har vorte etterlyst tidlegare utan at Agder fylkeskommune har motteke svar.



Figur 2 Utsnitt frå plankart på høyring. Rød piler viser kor nær skjeringa av vegen gravminnet kjem og skaper fare for at han rasar ut (markert med H730_3). Gravhaugen vil da bli øydelagt. Kokegropfelt ligg nord for gravhaugen (markert #3).

Ut frå plankartet kan det sjå ut som at løysninga blir ein loddrett skjering og mur som er ca. 7 m høg. Endringa vil medføra ein drastisk og negativ endring av landskapsrommet som gravhaugen ligg på. Fylkeskommunedirektøren er òg særskild bekymra for korleis kulturminnet skal sikrast under sprengings- og i anleggsperioden. Det er fare for at kulturminnet kan rase ut og bli øydelagt. Området er òg eit område kor folk ferdast. Det er truleg at kanten mot rv.9 må sikrast, utan at dette er nemnt korleis. Eit gjerde vil ytterleg endra det relativt godt bevarte kulturmiljøet som haugen ligg på i dag.

Gravminne var ofte markørar som vart anlagde på utvalde stader i det forhistoriske landskapet. Forståinga av dette i dagens samfunn er nært knytt til den topografiske samanhengen gravminna har. Ut frå eit fagleg synspunkt er det derfor ønskjeleg å verna terrenget gravminna ligg i, slik at den kulturhistoriske landskapskonteksten dei er ein del av òg blir bevarte. Det har ein pedagogisk verdi, samtidig som det bidreg til å høgna opplevingsverdien.


Kokegropfeltet (ID 261070) ligg i ein større samanheng med gravhaugen (Askeladden-ID 261042). I dag er kulturmiljøet i dette området godt bevart og området skal tas vare på for framtida. Det er òg sannsynleg at det ligg fleire kulturminne av liknande slag under bakken imellom desse to kulturminna som ikkje er oppdaga enno. Fylkeskommunedirektøren meiner at kulturminna skal bevarast

saman, og at dei ikkje skal fjernast. Kommunen vil ikkje får dispensasjon for å fjerne kokegropfeltet.

Planforslaget tar ikkje omsyn til automatisk freda kulturminner av nasjonal verdi og fylkeskommunedirektøren føreslår motsegn til tiltaket i planen som setter gravhaug (ID 261042) og kokegropsfeltet (ID 261070) i fare.

Område 2

Kolgrop ID 261040 (markert #29) ligg i riktig formål for å bevare kulturminne, og området skal ikkje endrast. Kommunen søker dispensasjon frå kulturminnelova om å fjerne kolgropa, utan forklaring eller grunngjeving. Fylkeskommunedirektøren kan ikkje sjå at det er nokon grunn til å fjerne den og er imot at det blir gitt dispensasjon for kolgropa (Askeladden-ID 261040).



Figur 3 Utsnitt av plankartet viser gravrøysen (H730_4) og kolgrop (#20).

Fylkeskommunedirektøren meiner at omsynssone omkring gravrøysa i LNF-området (ID 261058) er for lita for å kunne ta vare på kulturminnet. Ei eventuell breiddeutviding av vegen under i retning av kulturminne kan skjera seg inn i bergryggen, og endre landskapet i ei negativ retning. Som tidlegare omtala, så er landskapet omkring kulturminnet viktig å ta vare på.

Planforslaget tar ikkje omsyn til automatisk freda kulturminner av nasjonal verdi og fylkeskommunedirektøren føreslår motsegn til føresegnssområde «#20» ei kullgrop (ID 261040) og for lite omsynsområde H730_4 til gravrøys (ID 261058).

Forslag til løysning av motsegna

Kommunen og fylkeskommunen har hatt god dialog og konstruktiv samarbeid i plansaka. Fylkeskommunedirektøren meiner at motsegna kan løysast i ein vidare dialog med Bygland kommune og fylkeskommunen sine fagpersonar på arkeologi.

Motsegna kan løysast på følgande sett:

- a) Utarbeide detaljert omtale om korleis riksvegen skal vides ut mot gravhaug (ID 261042) og korleis kulturminnet skal tas vare på. Detaljert tekniske illustrasjon blir framlagd kulturminneforvaltninga.
- b) Etablere omsynssone kulturmiljø (H570) på sørsida av gravhaugen (ID 261058) ned til foten av bergryggen
- c) Kolgropa (ID 261040) blir lagd inn i plankartet med omsynssone H730.
- d) Omsynssone (H730) til gravminne (ID 261058) må utvidast til å omfatta høgdedraget som røysa ligg på.

Dette må bli gjennomført i samråd med fagpersonane frå fylkeskommunen på seksjon for arkeologi.

Frigjeving av andre kulturminner

Fylkeskommunedirektøren har vurdert spørsmålet om dispensasjon av fleire andre kulturminner i samråd med Kulturhistorisk Museum. Konklusjonen er at 25 kolgroper i planen er tillate friggitt i tråd med vilkår, jf. *Spørsmål om dispensasjon - Freda arkeologiske kulturminne - Plan for Ose bygdesenter*. Heile vurderinga ligg vedlagt.

Underretningsplikt Riksantikvaren

Fylkeskommunedirektøren opplyser om underretningsplikt ovanfor Riksantikvaren i saker som er av gjensidig interesse, jf. *Forskrift om fastsetting av myndighet mv. etter kulturminneloven*.

Dersom fylkeskommunen, i saker som handla om kulturminne eller kulturmiljø av nasjonal eller vesentleg regional verdi, vil fatta eit vedtak som er i strid med dei faglege tilrådingane i saka, skal Riksantikvaren underrettast. Riksantikvaren kan vedta å overta slike saker, uavhengig av om det er gitt underretning, og overtek då styresmakta frå fylkeskommunen etter denne forskrifta § 3.

Regionplan Agder 2030

Regionplanen er tydelege på at verna landskapet og kulturmiljøet er viktig.

Økonomiske konsekvensar

Ingen økonomiske konsekvensar for fylkeskommunen.

Konklusjon

Fylkeskommunedirektøren har eit særskilt ansvar for å ta vare på vår felles kulturarv i Setesdal. Plan for Ose bygdesenter vil påverka fleire automatisk freda kulturminner. I

forslaget har fylkeskommunedirektøren vurdert at den ikkje tar vare på dei freda kulturminna som skal leggest til bevaring. På bakgrunn av dette tilrår fylkeskommunedirektøren at fylkesutvalet reiser motsegn til planforslaget.

Fylkeskommunedirektøren er innstilt på å gje dispensasjon frå kulturminnelova på fleire av kulturminna, men nokon av dei trong betre vern.

Kristiansand, 22.08.2022

Tine Sundtoft
fylkeskommunedirektør

Kenneth Andresen
Fylkesdirektør Analyse og Plan

8.september.2022